



# RSM

RSM Norge AS

Strandavegen 11, 5705 Voss  
Boks 136, 5701 Voss  
Org.nr: 982 316 588 MVA

T +47 56 52 04 00

F +47 56 52 04 01

[www.rsmnorge.no](http://www.rsmnorge.no)

Til styret og generalforsamlinga i  
Sparebankstiftinga Hardanger

## Melding frå uavhengig revisor

### Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

#### Konklusjon

Me har revidert Sparebankstiftinga Hardanger sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr. 34 577 549. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019 og resultatrekneskap for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, samt eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er den vedlagte årsrekneskapen utarbeidd i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvisebilete av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2019 og av resultatet for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoen i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Me har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, inkludert dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter i samsvar med desse standardane er skildra i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*. Me er uavhengige av stiftinga slik det er pålagt i lov og forskrift, og har utøvd våre andre etiske forpliktingar i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### Anna informasjon

Leiinga er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon gjeld årsmelding, men gjeld ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje anna informasjon, og me attesterer ikkje anna informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lesa anna informasjon med det føremål å vurdere om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom anna informasjon og årsrekneskapen, kunnskap me har opparbeida oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom me konkluderer med at anna informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon er me pålagt å rapportera det. Me har ingenting å rapportera i denne samanheng.

#### Styret og dagleg leiari sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiari (leiinga) er ansvarleg for å utarbeida årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, samt at det gjev eit rettvisebilete i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som dei finn naudsynt for å kunna utarbeida ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som fylgje av misleg framferd eller utilsikta feil.

**THE POWER OF BEING UNDERSTOOD**  
AUDIT | TAX | CONSULTING

RSM Norge AS is a member of the RSM network and trades as RSM. RSM is the trading name used by the members of the RSM network. Each member of the RSM network is an independent accounting and consulting firm which practices in its own right. The RSM network is not itself a separate legal entity in any jurisdiction.

RSM Norge AS er medlem av/is a member of Den norske Revisorforening.

## Revisjonsmelding 2019 Sparebankstiftinga Hardanger

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til framleis drift og opplysa om tilhøve som har innverknad for framleis drift. Føresetnaden om framleis drift skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil verta avvikla.

### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen som heilskap ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gje ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Rimeleg grad av tryggleik er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna ISA-ane, alltid vil avdekka vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimelig grad kan forventast å påverka økonomiske avgjerder som brukarane føreteik basert på årsrekneskapen.

For skildring av revisor sine oppgåver og plikter viser me til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>.

### **Uttale om andre lovmessige krav**

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*


Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, og dei kontrollhandlingar me har funne naudsynt i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner me at leiinga har oppfylt si plikt til å syta for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

#### *Konklusjon om utdelingar og forvaltning*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar me har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner me at stiftinga er forvalta og utdelingar er føreteike i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektene elles.

Voss, 26. februar 2020

RSM Norge AS



Åse Steen-Olsen  
Statsautorisert revisor